



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Fellesprosjektet Arna - Stanghelle (FAS) – høyring av søknad om endra løyve etter forureiningslova til sjødeponi i Sør- og Veafjorden - høyringsfrist 10. mai 2024

Om søknad om endring av løyve for sjødeponi


Statens vegvesen fekk løyve etter forureiningslova til deponering av overskotsmassar frå bygging av Fellesprosjektet Arna - Stanghelle av Statsforvaltaren i vedtak 19. juni 2023.

I søknad datert 22. mars 2024 søker Statens vegvesen om endring av løyvet knytt til to forhold:

1. Løysing for lukka nedføring av massane endrast frå kaianlegg og nedføringsrøyr i stål, til nedføring i skråstilte fjellsjakter (45 grader). Dette gjeld alle tre tunnelstrekningane "Vest", "Midt" og "Øst". Omsøkte mengder og vilkår er uendra frå opprinneleg søknad.


Prosjektet har utvikla ei ny lukka nedføringsløysing der større delar av anleggsverksemda vert flytta inn i fjell. Dette sparer prosjektet og samfunnet for betydelege kostnader, reduserer prosjektrisiko, og reduserer ulemper for omgjevnadene i anleggsfasen. I tillegg unngår ein inngrep i strandsona ved Langhelleneset og Romslo.

FAS meiner den nye nedføringsløysinga ikkje endrar grunnlaget for løyvet og vilkåra som Statsforvaltaren vedtok 19. juni 2023. Prinsippet er framleis det same, der det vesentlege er at steinmassane vert ført lukka ned til eit sikkert djup utan at finstoff (<63 µm) og nitrogen vert frigjort og spreidd i øvre lag av fjorden.



Figur 1 Skråstilte sjakter. Her vist Langhelle der den skråstilte sjakta går frå ein tippshall i transporttunnelen og ned til utløp rundt 31 meter under overflata. For alle tre lokalitetar gjeld framleis at ein har tilkomst også frå E16

2. Plassering av sjødeponi på tunnelstrekning "Vest" må flyttast rundt 1,3 km austover frå Romslo til Naustvika (Bergen kommune) fordi opprinneleg lokalitet ikkje er eigna for løysing med fjellsjakt. Ny lokalitet ved Naustvika er konsekvensutgreia i samband med søknad om endring av reguleringsplan



Figur 2 Illustrasjon av opprinneleg sjødeponi ved Romslo (til høgre) og ny plassering 1,3 km lenger aust ved Naustvika. For kailøysinga ved Romslo var det føresett utsprenging av eit område ved sjøen. For Naustvika vert det ein skjult tippshall i fjell.

Søknad om endra løyve etter forureiningslova med oppdatert risikovurdering er vedlagt.



Om søknad om endring av reguleringsplan


Arealbruk i Naustvika som sjødeponi, krev endra reguleringsplan og endringa er forventa godkjend årsskiftet 2024/2025. Bergen og Vaksdal kommunar har stadfesta at Statsforvaltaren kan slutthandsame søknader etter forureiningslova med atterhald om godkjent reguleringsplan. Skulle vedtatt reguleringsplanen ha føresegner som er i motstrid med vilkår i løyver etter forureiningslova må løyva endrast i samsvar med reguleringsplan.

Om anleggsarbeida for Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS)

Anleggsarbeida for Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS) er delt inn i to hovudfasar:

- Førbeuande arbeid (oppstart 2024 – første halvår 2026)
- Hovudprosjekt- (forventa avslutta 2034)

Tiltaksområdet er oppdelt geografisk i fire område som vist i figur 3. Statens vegvesen søkjer om løyver for anleggsarbeidet i førebuing- og hovudprosjektphase etter denne inndelinga. Inndelinga i søknadsområde er basert på typen resipient, typen anleggsarbeid og den geografiske entreprisedelinga i hovudprosjektet. For kvart søknadsområde vil det bli sendt inn fleire delsøknader om utviding/endring av gjeldande løyve i løpet av anleggsperioden. Delsøknadene vert sendt inn kontinuerleg, avhengig av framdrifta i prosjektet.



Figur 3 Oversikt inndeling i søknadsområde Vest, Midt, Øst og Sørkjorden, Kjelde: Statens vegvesen

Søknader om fire nye løyver og ein søknad om endring

Statsforvaltaren mottok 22. mars 2024 fire nye søknader om løyve som vert sende på høyring som eigne saker. Nedanfor er ein oversikt:

- FAS Vest – arbeid knytt til etablering av riggområde på Espeland nord med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar. SFVL saksnummer 2024/4959
- FAS Midt – arbeid knytt til etablering av permanent massedeponi på Trengereid for ikkje forureina massar som i ein periode vil fungere som riggområde med drift av knuseverk og



mellomlager for bunnrenskmassar og reinsing av tunnelvatn frå driving av 2,9 km tunnel. SFVL saksnummer 2024/4958

- FAS Øst – arbeid knytt til permanent massedeponi for sprengstein på Dalehagen som i ein periode vil fungere som riggområde med drift av knuseverk og mellomlager for bunnrenskmassar. SFVL saksnummer 2024/4960
- FAS Sørfjorden – arbeid knytt til etablering av dei tre sjaktene for nedføring av overskotsmassar til sjødeponi (Fossneset/Gamle Fossen, Langhelleneset og Naustvika) herunder undervasssprenging og reinsing av tunnelvatn. SFVL saksnummer 2024/4961
- [FAS Sjødeponi - Løyve til sjødeponi blei gjeve 19. juni 2023 og er søkt endra som følgje av endra lokalitet for sjødeponi i Bergen kommune og endra nedføringsløysning. SFVL saksnummer 2019/20103 \(Denne saka\)](#)

Ber om uttaler innan 10. mai 2024

Me sender søknad om endra løyve etter forureiningslova til offentlege organ og styresmakter som varetar ålmenne interesser, verksemdar som kan bli påverka, grendalag og miljøvernorganisasjonar mm.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttaler til vedlagte søknad innan 10. mai 2024. Uttaler kan sendes til sfvlpost@statsforvalteren.no merket 2019/20103.

På Statsforvaltarens heimeside under høyringar ligg søknaden og referansane det er referert til i søknaden for nedlasting. <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

På FAS si prosjektside ligg søknad om endra reguleringsplan og mange underlagsrapportar for ulike fagtema, samt filmar som viser planlagd veg og bane.

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e16banearnastanghelle/>

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 FAS - Sjødeponi - søknad om endring av løyve
- 2 FAS - oversendelsesbrev - oversikt

Kopi til:

Statens vegvesen
Statens vegvesen ved sakshandsamar



Mottakerliste:

Bergen kommune

Vaksdal kommune

Fiskeridirektoratet

Mattilsynet

Bergens Sjøfartsmuseum

Sør-Norges Fiskarlag

Fagrådet for Daleelva

Lerøy Sjøtroll

Norges Miljøverkforbund

Vestland fylkeskommune

Bergen havn

Naturvernforbundet Hordaland

Natur og ungdom

Stavenes vel

Sandvik bustadfelt velforening

Høgafjell Sør grunneigarlag

Vaksdal vel

Dale/Vaksdal grunneigarlag